


Kongen og Paal Berg

Aflp.m. 7/6.02

Av professor Magne Skodvin

I ein kronikk med overskrifta «Til kamp mot historiefortieelse» (Aftenposten 16. mars) kom Torgrim Rolfsen med ein del grove og grunnlause påstandar, som til dømes denne: «Administrasjonsrådet under Paal Berg og andre krefter som ikke var flyktet, ville avsette kongen og regjeringen». Han har utvida denne bakvaskingskampanjen i nye innlegg, som eg først etter ferietida har fått høve til å svara på.

Paal Berg var arkitekten for den norske politikken som førde til at det okkuperte norske området i april-dagane 1940 fekk eit upolitisk og kongeløjalt administrasjonsråd i staden for den «regjering» som Quisling hadde utnemnt seg sjølv til sjef for, og rekna med Hitlers støtte til. Norske nasjonalsosialistar tilgav aldri Berg dette. Mange spalter kunne fyllast med sitat av harmdir-



Magne Skodvin

rande utfall mot rådet: Det «representerer den forhen-værende regjering», «det fikk som sin oppgave ... å støtte den til London flyktende Nygårdsvoldsregjering i deres krig mot besettelsesmakten», det «hadde ikke grunn til å foreta seg noe annet enn det man visste var i eksilregjeringens ånd». Dette har eg dokumentert litt meir utførleg i Aftenposten 29. mai. Rolfsen kjenner til det, men overser det. Det tillet eg meg å stemple som grave-rande «fortieelse». Skal etter-tida også «fortie» Hitlers telegram til von Falkenhorst, den tyske Oberbefehlshaber

i Norge, 19. april 1940: Administrasjonsrådet er «Organ der geflüchteten Regierung»?

I andre omgang går Rolfsen laus på Bergs rolle i første fase av Riksråds-forhandlingane. Svært få problem i norsk politisk historie er så grundig gjennomdrøfta som dette. Det er eit alt for mangslunge tema til å drøfte med slike ex cathedra formuleringar som Rolfsen gjer bruk av. I denne samanheng nøyer eg meg med å fastslå at Berg, så lenge han deltok i forhandlingane, stod fast på at Kongen ikkje kunne avsetjast, og han forlangde at dette skulle vere presisert i hans mandat. Då det viste seg at det tyske kravet var eit ultimatum, gjekk han ut av forhandlingane. På mange sentrale punkt er Rolfsens påstandar stikk i strid med det faktiske. Dette skal eg kome tilbake til, meir utførleg enn avisspaltene kan tillate.